

## TVERRFAGLEGE SAMHANDLINGSGRUPPER (TSG)

### 1. Formål for TSG

**TSG skal sikre at fleire fagområde og profesjonsgrupper samarbeider for å sikre at barn og unge får eit heilskapleg og godt tilbod så tidleg som råd er.**

- TSG har mål om å arbeide meir førebyggjande og systemretta enn individretta, med fokus på eit heilskapleg og inkluderande tilbod for alle.
- TSG vil arbeide aktivt for eit trygt og godt læringsmiljø for alle born/elevar.
- TSG kan bistå i høve planlegging, iverksetting og evaluering av både system- og individretta tiltak.
- TSG vil bidra til at ein tidleg skal kunne fange opp og avdekke behov for tilrettelegging og tiltak for å ivareta fagleg, sosial og kulturell inkludering, både hos einskildborn/elevar og grupper.
- Born/elevar som har eksisterande ansvar/samarbeidsgruppe skal ikkje drøftast eller følgjast opp av TSG.

Definisjon på tverrfagleg arbeid:

*“Når flere yrkesgrupper arbeider sammen for å nå et felles mål” (Lauvås&Lauvås 2012)*

Kompetansedeling for å løyse eit problem eller ei utfordring som ein klare å løyse betre i samarbeid (Henta frå *Plan for tverrfagleg samarbeid i Hornindal kommune*)

Definisjon på Systemperspektiv:

*«Et systemperspektiv innebærer blant annet at all læring, utvikling og samhandling i barnehage og skole må forstås i lys av miljømessige forhold. Et slikt perspektiv har som konsekvens at selv når oppmerksomheten rettes mot enkeltbarnas og elevenes behov for individuell tilrettelegging, vil vurderingen av behov og tiltak måtte ses i lys av ulike betingelser i barnas/elevenes omgivelser»*

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2009-18/id570566/sec3>

Definisjon på «Tidlig innsats»:

*«Tidlig innsats betyr et godt pedagogisk tilbud fra tidlig småbarnsalder, at barnehager og skoler arbeider for å forebygge utfordringer, og at tiltak settes inn umiddelbart når utfordringer avdekkes. Tiltak kan være å tilrettelegge innenfor det ordinære tilbudet og/eller ved å sette inn særskilte tiltak.»*

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/sec1>

### Definisjon på "Førebyggjing"

*"Forebygging er en mangetydig og positiv betegnelse for forsøk på eliminere eller begrense en uønsket handling"*

*-Primærførebyggjende arbeid handler om å forhindre at problemer oppstår*

*-Sekundærførebygging brukes om tiltak som skal hindre at problemer varer eller videreutvikles*

*-Tærtiærførebygging brukes om tiltak rettet mot identifiserte, ofte tungt belastede målgrupper.*

(Stein Mikkelsen 2005)

## **2. Forventa resultat av TSG**

- TSG vil bidra til å oppnå målsetjinga i visjonen i Kvalitetsplan for sektor for oppvekst; *"Volda kommune har trygge barn og unge som deltek, meistrar og lærer"*.
- Auka tverrfagleg samhandling vil bidra til å fange opp og avdekke behov for inkludering og tilrettelegging i barnehage- og skulemiljø, hos grupper/klasser og enkeltbarn/elevar, både fagleg og sosialt.
- Barnehagar og skular vil i større grad enn tidlegare arbeide førebyggjande og systemretta ved å ha fokus på heilskapleg tenking.
- Heilskapleg tenking og samhandling vil gi gode rutinar og betre praksisen i sektoren. Det vil gjere det lettare og raskare å ta kontakt med rett fagområde ved behov for vurdering av tiltak.
- Både sektoren som heilskap og den enkelte barnehage og skule får eit tettare samarbeid, og vil gjennom det oppnå auka kompetansedeling, forståing og innsikt på tvers av fagområde. Dermed vil ein gjennom godt systemarbeid oppnå tidleg og samordna innsats for barn og unge, og deira familiar.

## **3. Samansetjing og innhald i TSG**

### **3.1. Samansetjing av TSG**

Faste deltakarar:

Barnehage: Styrar, PPT, helsesjukepleiar, barnevern, koordinator for støttetiltak, evt ein pedagog.

Skule: Rektor, PPT, helsesjukepleiar, barnevern, kommunepsykolog, evt miljørettleiar og/eller pedagog.

Barnehage og skule i felles TSG møte: Styrar, rektor. PPT, helsesjukepleiar, barnevern, kommunepsykolog/koordinator for støttetiltak, evt miljørettleiar og/eller pedagog.

Alle har fast vara med unnatak av dei som er einaste fagperson i si stilling.

I enkelte tilfelle vil det vere nødvendig å ha med andre fagpersonar som til dømes BUP, logoped, kommunepsykolog, politi, fysioterapeut, programrådgjevar, andre.

### 3.2. Ansvar

- Styrar/rektor set opp møteplan for året og kallar inn til TSG møte.
- Styrar/rektor leiar TSG møta.
- Styrar/rektor har ansvar for at det vert skrive referat.
- Styrar/rektor har ansvar for at tiltak vert utført og følgde opp i si eining.
- Der meir enn ei eining deltek, er det leiar på den største eininga som er ansvarleg for å setje opp møteplan.
- Der meir enn ei eining deltek, er det leiar for eininga der møtet skal finne stad som er ansvarleg for sakliste, innkalling og referat.

For å sikre ein god møtestruktur, kan ein nytte «Lærande møter»

*Ditt ansvar som leder er å få fram det beste i innspillene fra dine medarbeidere, gjerne gjennom å få til en kultur for å stille gode oppfølgings spørsmål og dermed for medskapning. (barnehageforum)*

Knut Roald sin modell vert mykje brukt (linken under)

<https://www.ks.no/fagomrader/barn-og-unge/ks-led/metoder-og-verktoy/larende-moter/>

#### Møtestruktur og møteleing

Leiar:

1. Sender ut møteagenda i god tid før møtet (minst ei veke før)
2. Kjem forberedt til møtet
3. Førebur sine medarbeidarar på førehand
4. Forventar at alle skal forberede seg til «sine» saker

Møtet:

1. Mål for møtet
2. Lengd på møtet
3. Vere tydeleg på kva som er høgst prioriterte saker
4. Vere kort og konkret

Avslutning:

1. Kort og konkret oppsummering
2. Konklusjon, neste steg og kven som har ansvar for kva
3. Ta tid til å reflektere over møtet
4. Skriv referat

### 3.3. Innhald i møta

- Referat frå sist møte
- Sakliste

- Fokus på systemretta arbeid
- Oppsummere sakene, vidare arbeid og kva avtalar som er gjort

### 3.4. Organisering av TSG

Talet på einingar og ulik storleik gjer det naudsynt å slå saman einingar. Med grunnlag i innspel og geografiske vurderingar er det sett opp følgjande 12 TSG einingar:

- Mork barnehage og Mork skule
- Folkestad barnehage og Folkestad skule
- Lauvstad barnehage, Dalsfjord skule og Ulvestad barneskule
- Austefjord skule og Hornindal skule
- Hornindal barnehage, Tunåsen barnehage og Austefjord barnehage
- Trollsetta barnehage, Røysmarka barnehage og Rotset barnehage
- Engeset barnehage og Øyra barnehage
- Sollia barnehage og Oppigarden barnehage
- Hjellbakkane barnehage og Bratteberg barnehage
- Bratteberg skule
- Øyra skule
- Volda ungdomsskule

### 3.5 Møteplan

TSG bør ha ein fast møtedag i veka, t.d. torsdag. Det er vurdert naudsynt å ha fleire TSG møte pr dag, og nokre grupper vil ha parallelle møte. Møtelengd er satt til 1,5 time. Møtepunkt kl 12.00 for første TSG-eining. Andre TSG-eining møter kl 14.00/14.30.

Einingar kan bytte på møtestad, t.d. Folkestad- Dalsfjord. Anbefaler eit fast oppsett. Evt bytte av møtedag/tidspunkt ordnast internt mellom einingar. Dette må avklarast i god tid, jf møteinnkalling/saksliste.

Årshjul for møteplan: September, november, februar og mai.

Med dette vil eit oppsett for ein møtemånad sjå slik ut:

Første torsdag 12.00	Lauvstad barnehage, Dalsfjord skule og Ulvestad barneskule	Mork barnehage og Mork skule
14.00/14.30	Folkestad barnehage og skule	Engeset og Øyra barnehagar
Andre torsdag 12.00	Bratteberg skule	Sollia og Oppigarden barnehagar.

14.00/14.30	Øyra skule	Hjellbakkane og Bratteberg barnehage
Tredje torsdag 12.00	Hornindal skule og Austefjord skule	Trollsletta og Røysmarka barnehage
14.00/14.30	Volda ungdomsskule	Hornindal, Tunåsen og Austefjord barnehagar
Fjerde torsdag	Ressursteam (jf plan pkt 4)	Ressursteam

**Alle møte skal gjennomførast uavhengig av forfall og/eller får saker.**

#### **4. Ressursteam**

Med særleg fokus på born 0-6 år ynskjer BUP møtepunkt med relevante tenester i Volda kommune. Det er vurdert som naturleg å koble dette til eksisterande ressursteam og foreslåtte møteplan for TSG.

BUP kan møte relevante tenester i kommunen om lag annankvar månad. Møta blir nytta til å drøfte einskildsaker, enten på NN-nivå eller med samtykke. Møta har få/ingen faste deltakarar, men dei som kjenner barnet. Eksisterande ressursteam er ikkje heilt i samsvar med dette, m.a. grunna faste deltakarar.

Ein vurderer det som formålstenleg å endre på samansetjinga av ressursteamet, heller enn å opprette eit nytt møtefora. Det eksisterande ressursteamet bør involverast i det vidare arbeidet kring dette.

Ein foreslår ei deling av det eksisterande ressursteamet ut i frå alder.

Eit barnehageteam (m/BUP til stades) og eit grunnskuleteam (pr.d.d. om lag som no).

Kvart team møter annankvar månad. I lys av foreslått TSG-møteplan kan ein halde på den etablerte møteplanen til ressursteamet – siste torsdag kvar månad.

Det blir følgeleg oppretta

1. Ressursteam barnehage
2. Ressursteam grunnskule

Ansvaret for å koordinere og leie ressursteama vert lagt til helsestasjonen.

Årshjul møteplan for ressurteam barnehage m/BUP: August, oktober, januar, mars, mai.

Årshjul møteplan for ressursteam grunnskule: September, november, februar, april, juni.

#### **5. Evaluere arbeidet i TSG og rapportere til leiargruppa**

- Arbeidet og erfaringar med TSG vert teke opp på barnehage- og skuleleiarmøte ein gong i halvåret.
- Einingsleiar rapporterer til sin avdelingsleiar ein gong i halvåret. Barnehage til avdelingsleiar barnehage. Skule til avdelingsleiar skule. Helsesjukepleiar til avdelingsleiar helsestasjon. Barnevern til avdelingsleiar barnevern.
- Avdelingsleiarane rapporterer til leiargruppa ein gong i halvåret.
- Skriftlig vurdering evt vedtak frå leiargruppa etter rapportering vert sendt til dei ulike avdelingane.
- Ser vi behov/manglar må dette takast vidare til leiargruppa som vurderer felles tiltak/endringar osv.

## **6. Dokumentasjon og lagring**

Styrar/rektor skal lagre referat frå møte i TSG i tildelt mappe i google.

Styrar/rektor sender i tillegg møtoreferat til møtedeltakarane pr e-post.

Arbeidsgruppa for utarbeiding av formål, organisering og innhald i TSG:

Line Homberset – assisterande rektor Volda ungdomsskule

Runar Andre Hovde – kommunepsykolog

Mary Anne Espe – helsesjukepleiar

Ann Iren Ulvedal – styrar Sollia barnehage

Per Erling Sætre – rektor Dalsfjord skule

Kyrre Grimstad – barnevern

Ruxandra N Raudøy – koordinator for støttetiltak

Ingrid Evebø Haug – leiar PPT

*Oppvekst*

*Juni 2020*